



# SIVIL REDNINGSTJENESTE

## SRS - GRUPPENE

### SØK REDNING SØKSHUND

#### **Moment til organisering**

#### **Søks- og redningslag.**

Søks- og redningslaga er organisert som ein del av ein førsteinnsatsberedskap innan- og utanlands. Laga har høg beredskap der medlemmane har kort responstid (utstyr og hund alltid med når ikkje anna er meld og godkjend).

Laga byggjer på dei spesialgruppene som er i hjelpekorpsa i dag som skredgrupper, alpine redningsgrupper, redning i bratt og glatt lende m.fl. Medlemmane skal ha førstehjelpkompetanse.

Laga har stor grad av autonomi, men er under nasjonalt leiarskap ved større aksjonar. I alle lag skal det vera kompetanse for skadestadsvurdering og skadestadsleiing/leiing av eigne og andre menneskap. Medlemmane skal godkjennast av laget (sjølvrekruttering). Laga har ein klår funksjons- og kommandostruktur.

Laga skal settast opp med tilstrekkeleg utstyr og transportmiddel (etter modell av den sivile redningstenesta på Island). Avtaler med forsvaret, Sivilforsvaret, NLA, brann- og redningstenesta og andre om vaktordningar og transport (helikopter).

#### **Søkshundar som ein del av søks- og redningslag.**

Hund og hundeførar skal vera fysisk skikka til tenesta.

Søkshundar for søk på barmark, i jord- og steinras, i og på snø og i samanraste bygg. Alle hundane og hundeførarane klarerte for teneste internasjonalt.

Grunnutdanning for søkshundane som rekruttklasse søk på barmark. Godkjenning som Søkshund barmark, Søkshund ruin og Søkshund lavine byggjer på dette.

Godkjenningskrav minst 3 prøver med markørar i ulike konstellasjonar og situasjonar der alle markørar skal finnast og med fleire hundar i søk samstundes. Ved melding er pendling mellom markør og hundeførar er tillatt.

Søkshund barmark: Søk i stor teig (spor, patrulje, rundering, lyttepost) og langt sporsøk. Meldingsformar bringkobbelt og /eller standhals. Søkshund barmark bør og kunne brukast for overflatesøk/ettersøking på snø.

Søkshund ruin. Søk i stort ruinområde med figurantar over, i og under bakkenivå. Meldingsformar standhals eller graving (eller bringkobbelt som kan løysast ut). Søkshund ruin skal og kunne brukast til søk i jord- og steinras.

Søkshund lavine. Søk i og på snø i eit felt på 100 x 250 m. Markørar i djup grav, i grunn grav, delvis på overflata, tett saman, saman med vegg i mellom. Meldingsform graving. Søkshund lavine skal og kunne brukast til søk i jord- og steinras.

Fram til anna er bestemt er ekvipasjar, instruktørar og dommarar godkjende i NRH, NRO, OSR, NKK, politiet og forsvaret automatisk godkjende i NRKH.

Alle ekvipasjane skal vurderast fortløpande og kan trekkjast frå tenesteliste av instruktørar. Alle ekvipasjar skal gå opp til full regodkjenningsprøve (3 beståtte søksprøver) kvart andre år.

Harald Haukaa Fjørtoft

Fagkurs skred

Hundeførar lavinehund

Instruktør og dommar lavinehund og ruinsøkshund